

Saksframlegg

Saksbehandlar: Marit Silje Årnes Husabø, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 18/7871-3

Møteplan 2019 - endringar

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Møte i fylkestinget 3. og 4. desember vert flytta til 10. desember.
Møte i fylkesutvalet 2. desember vert også flytta til 10. desember.
Møte i fylkesutvalet 31. oktober går ut.
Alle desse endringane gjeld tida etter konstitueringa i Vestland fylkeskommune.
2. Hovudutvala og andre utval vurderer - i lys av punkt 1 over – eventuelle endringar i eigne møteplanar.

Vedlegg:

Skjematisk oversikt møteplan hausten 2019

SAKSFRAMSTILLING

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane vedtok i møte 26. september 2018 møteplan for fylkestinget og fylkesutvalet i 2019.

Vestland fylkesting vert konstituert i møte 15. og 16. oktober 2019. Vestland fylkesutval startar si møteverksemd 24. oktober.

Behovet for møteverksemd i fylkesutvalet i Sogn og Fjordane vil avta etter konstitueringa av Vestland fylkesting. Den vedtekne møteplanen treng dessutan justering for å unngå kollisjon med politiske møte i Vestland fylkeskommune.

Hovudutvala må eventuelt sjølv syte for å justere sine møteplanar.